



KOPI

Region Nordhordland Helsehus Iks
Kvassnesvegen 23
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1470 - 19/3029

Saksbehandlar:
Bente Førland
Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:
29.01.2019

Vedk. rørleggjarmelding - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Vi viser til rørleggjarmelding motteke 25.01.2019 med vedlagt situasjonsplan for tilknytning til offentleg vatn og avløp.

Rørleggjarmeldinga er ikkje komplett slik den ligg føre i dag.

Når tekniske teikningar for bygget er klart, må det sendast inn ny rørleggjarmelding. Vi sender faktura for tilknytingsavgift. Det er avtalt med byggesaksavdelinga at manglande godkjend rørleggjarmelding ikkje skal stoppa IG for bygget.

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup.

Vassmålar:

Det skal monterast eigen vassmålar i bygget. Vassmålar får ein ved å venda seg til vatn og avløpsavdelinga på driftstasjonen.

Oljeavskiljar og feittutskiljar:

Søknaden inneheld opplysningar om oljeutskiljar og feittutskiljar. Vi gjer merksam på at dette skal det leverast eigne søknader på. Søknadskjema finn ein på heimesida til Lindås kommune og skal sendast inn elektronisk. Saksbehandlar er Linda Hammersvik Folkestad.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding. Ferdigmeldinga skal innehalde SOSI-fil med oppdaterte innmålingsdata. Vassmålar skal vera henta ut og registrert i vårt system. Det skal føreliggja godkjenning på etablering av olje og feittutskiljar. Det vert ikkje gjeve ferdigattest på bygget før ferdigmelding frå rørleggjar er godkjend.



Gebyr: Faktura for tilknytingsgebyr vert sendt til søkjar, og vi gjer merksam på at arbeidet ikkje skal igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Bente Førland
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Bergen Rørteknikk AS Leirvikflaten 23 5179

GODVIK